

# Innst. S. nr. 27

(1999-2000)

## Innstilling fra kommunalkomiteen om Sametingets virksomhet 1998

St.meld. nr. 48 (1998-1999)

Til Stortinget

### 1. INNLEDNING

#### 1.1 Sammendrag

Stortingsmeldinga frå Kommunal- og regionaldepartementet viser til at Sametinget har levert årsmeldinga si til departementet om arbeidet i Sametinget i 1998.

Etter § 1-3 i samelova skal årsmeldinga for Sametinget sendast over til Regjeringa. Regjeringa legg meldinga fram for Stortinget kvart år. Meldinga skal såleis vere eit viktig styringsinstrument når dei sentrale styrsmaktene skal drøfte samiske spørsmål.

Det er eit siktemål for Regjeringa at meldinga frå Regjeringa til Stortinget kvart fjerde år skal ta for seg ei meir prinsipiell drøfting av samepolitikken her i landet. Det skjedde sist i St.meld. nr. 41 (1996-1997) og i tilleggsmelding St.meld. nr. 18 (1997-1998).

I denne stortingsmeldinga gir Regjeringa ei tilbakemelding på dei sakene Sametinget tek opp i årsmeldinga si og dei sakene Sametinget har behandla i 1998. Årsmeldinga for Sametinget er lagd inn som kapittel 2 i meldinga.

Årsmeldinga tek for seg desse hovudområda:

- Framtidig politikktutforming.
- Det politiske arbeidet til Sametinget i 1998.
- Dei fagpolitiske og administrative oppgåvene til Sametinget i 1998.
- Økonomiske og administrative utfordringar.

#### 1.2 Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Sylvia Brustad, Odd Eriksen, Aud Gaundal, Leif Lund og Signe Øye, fra Fremskrittspartiet, Torbjørn Andersen og Lodve Solholm, fra Kristelig Folkeparti, Olaf Gjedrem og Ivar Østberg, fra Høyre, Sverre J. Hoddevik og Erna Solberg, fra Senterpartiet, Inga Kvalbukt, og fra Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, tar årsmeldingen fra Sametinget til orientering.

Komiteen viser til vedlagte brev fra Kommunal- og regionaldepartement vedrørende en rettelse i meldingen.

### 2. REGJERINGA I SAMARBEID MED SAMETINGET

#### 2.1 Sammendrag

I meldinga vert det vist til at Sametinget i årsmeldinga si peiker på fleire saker som har med rettane til samane å gjere. Regjeringa har ikkje grunnlag for å kommentere alle desse problemstillingane i stortingsmeldinga. Det gjeld spesielt problemstillingar i samband med saksområde som det framleis blir arbeidd med, som m.a. innstillinga frå Samerettsutvalet og arbeidet i reindriftslovkommisjonen.

Regjeringa ser det likevel som viktig at fjellovsspørsmålet og det vidare utgreiingsarbeidet i Samerettsutvalet blir sett i samanheng. Regjeringa legg derfor til grunn at spørsmålet om varige forvaltningsmodellar blir klarlagde med å føre vidare utgreiinga frå Samerettsutvalet om Nordland, Troms og det sørsamiske området.

Regjeringa vil framleis arbeide for å styrkje Sameetinget som den viktigaste aktøren i utviklinga av det samiske samfunnet. Regjeringa vil styrkje stillinga til Sametinget med å føre ein open dialog som skal gi Sametinget større innverknad på generelle samfunnsprosessar, og med at det blir overført avgjerdsamt til Sametinget i saker som gjeld det samiske folket.

Frå 1. januar 2001 blir Sametinget delegert forvaltninga av tilskot til samiske barnehagar, og sekretariatet til Samisk utdanningsråd blir overført til Sametinget. Når Sametinget blir tildelt slik styringsmakt, er det viktig at departementa og Sametinget etablerer gode rutinar for samarbeid og fagleg dialog. Den todelte funksjonen til Sametinget som både folkevalt organ og forvaltningsorgan krev spesiell tilrettelegging og oppfølging. Sametinget som politisk organ er ikkje underordna departementa, og Sametinget - som politisk organ - kan ikkje instruerast eller kontrollerast av Regjeringa. Det er likevel viktig at departementa tek det faglege, økonomiske og administrative ansvaret.

Regjeringa legg vekt på å utvikle ein heilskapleg samepolitikk. Det kan ein få til først og fremst med å styrkje samordninga mellom departementa. Det vart i 1998 etablert nye rutinar og prosedyrar for behandling

av samiske budsjettsaker. Dei nye rutinane rettar seg både mot samarbeidet med Sametinget, og mot arbeidet i departementa. Dei nye prosedyrane fastset at sektoransvarsprinsippet skal gjelde for arbeidet med samiske spørsmål. Kommunal- og regionaldepartementet har samordningsansvaret og kan ta initiativ andsynes fagdepartementa når det er forsvarleg. Fagdepartementa har ansvar for å ta initiativ og vidareføre samiske saker på sine politikkområde. Departementa har også det overordna fagansvaret på område der Sametinget har fått overført fullmakter/styringsrett.

Statssekretærutvalet for samiske spørsmål blir leidd av statssekretæren i Kommunal- og regionaldepartementet. Statssekretærutvalet drøfter spørsmål som er sentrale for politikutviklinga på det samepolitiske området. Målsetjinga er å medverke til å leggje rammene for den samepolitiske profilen til Regjeringa for sektorområda til dei ulike departementa.

Samordningsutvalet for samiske spørsmål som vart lagt ned inn til vidare då Statssekretærutvalet vart etablert i januar 1998, vart etablert på nytt våren 1999. I utvalet er det med embetsmenn frå dei same ti departementa som Statssekretærutvalet. Kommunal- og regionaldepartementet leier utvalet. Samordningsutvalet skal førebu og følgje opp saker for Statssekretærutvalet for samiske spørsmål og elles drøfte og informere om aktuelle spørsmål som gjeld det samiske folket på ulike sektorområde.

Arbeidet i Kommunal- og regionaldepartementet på det samepolitiske området vart evaluert av Statskonsult i 1998. Rapporten legg vekt på kor viktig det er med god samordning på det samepolitiske feltet. Regjeringa vil framleis prioritere dette arbeidet.

Urfolks-, minoritets- og innvandringsavdelinga i Kommunal- og regionaldepartementet vart grunnlagd 1. januar 1999. Samepolitisk avdeling og Innvandringsavdelinga gjekk inn i den nye avdelinga. Heile omorganiseringa, medrekna det samepolitiske arbeidet i Kommunal- og regionaldepartementet, skal evaluert i år 2000.

## **2.2 Komiteens merknader**

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, ser det som positivt at fjellovspørsmålet og det vidare arbeidet i Samerettsutvalget ses i sammenheng. Det legges til grunn at varige forvaltningsmodeller blir klarlagt ved å vidareføre Samerettsutvalgets utredninger om Nordland, Troms og Finnmark.

Flertallet ser det som viktig å styrke Sametinget som den viktigste aktør i utviklingen av det samiske samfunn. I den forbindelse er det viktig at Sametinget fra 1. januar 2001 blir delegert forvaltningen av tilskudd til samiske barnehager og at sekretariatet til Samisk utdanningsråd overføres til Sametinget. Flertallet har merket seg at det arbeides for å etablere gode rutiner for samarbeid og faglig dialog mellom

departementene og Sametinget. Det vises i forbindelse med det til evalueringen av det samepolitiske arbeidet i Kommunal- og regionaldepartementet som ble utarbeidet av Statskonsult i 1998 hvor viktigheten av samordning på det samepolitiske feltet fremheves.

Flertallet vil understreke at det er viktig å utvikle en helhetlig samepolitikk. I den forbindelse er både styrket samordning mellom departementene og gode rutiner for samarbeid mellom departementene og Sametinget viktig. Flertallet har merket seg at samordningsutvalget for samiske spørsmål ble reetablert våren 1999. Utvalget skal forberede og følge opp saker for Statssekretærutvalget for samiske spørsmål.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til Fremskrittspartiets prinsipielle standpunkt om at Sametinget bør nedlegges, jf. Fremskrittspartiets merknader i Innst. S. nr. 145 (1997-1998) til St.meld. nr. 41 (1996-1997) og tilleggsmelding St.meld. nr. 18 (1997-1998) Om norsk samepolitikk.

Disse medlemmer tar St.meld. nr. 48 (1998-99) om Sametingets virksomhet i 1998 til orientering.

Disse medlemmer registrerer at det er et betydelig konfliktpotensiale til stede i Finnmark på bakgrunn av de samiske krav om selvbestemmelse og krav om rettigheter til land og vann i fylket.

Disse medlemmer mener derfor at Regjeringen klarere må gi til kjenne hvor langt de samiske krav bør få strekke seg i Finnmark.

## **3. ARBEIDET TIL REGJERINGA MED SAMEPOLITISKE SAKER OG OPPFØLGINGA AV MERKNADENE FRÅ SAMETINGET**

### **3.1 Naturgrunnlaget for samisk kultur**

#### *3.1.1 Samerettsutvalet*

##### *3.1.1.1 Sammendrag*

Justisdepartementet arbeider med å nemne opp att Samerettsutvalet for å greie ut retten til og disponeringa og bruken av naturgode i område utanfor Finnmark fylke. Justisdepartementet skal rådføre seg med Sametinget både når det gjeld samansetjinga av utvalet og eventuelle justeringar av mandatet.

##### *3.1.1.2 Komiteens merknader*

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, har merket seg at utvalget oppnevnes på nytt og at det er naturlig med mindre justeringer av mandatet i og med at interesseforholdene vil være annerledes utenfor Finnmark.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet går imot at samerettsutvalget gjenopprettes

for å utrede retten til bruk av land og vann utenfor Finnmark.

Disse medlemmer mener at rettighetene til å bruke naturressursene ikke kan baseres på særrettigheter som har sin bakgrunn i etnisk opprinnelse.

### 3.1.2 Lovproposisjon om ny minerallov

#### 3.1.2.1 Sammendrag

I statsråd 18. februar i år sende Regjeringa Ot.prp. nr. 35 (1998-1999) Om lov om leveveg av og drift på mineralressursar (minerallova) til Stortinget m.a. saman med eit vedlegg om forskrift for område med samiske interesser.

Regjeringa har tilrådd ei særskild forskrift for område med samiske interesser. Forskrifta er omtalt i eit eige vedlegg til minerallova. Det blir her tilrådd ein tidsavgrensa nektingsrett for Sametinget for Finnmark fylke. Dersom ein driftskonsesjon i Finnmark kan føre til store inngrep, skal Sametinget få saka til vurdering. Dersom inngrepet skader naturgrunnlaget for samisk kultur, med næring og samfunnsliv, kan Sametinget med to tredels fleirtal gjere vedtak om mellombels nekting. Nekting går ut på at det for ein periode på eitt år ikkje kan gjerast vedtak om driftskonsesjon. Nekting kan berre skje ein gong for same tiltak.

#### 3.1.2.2 Komiteens merknader

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, har merket seg at Regjeringen har anbefalt en egen forskrift for områder med samiske interesser. Flertallet viser til at mineralloven, Ot.prp. nr. 35 (1998-1999), ligger til behandling i Stortinget.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er sterkt imot at det innføres særordninger i forbindelse med bergverksdrift i Finnmark basert utelukkende på hensynet til samiske interesser i fylket.

Disse medlemmer vil således ta bestemt avstand fra at Sametinget bør gis myndighet til å nekte driftskonsesjoner for mineralutvinning i Finnmark. Dette vil kunne hemme utviklingen av bergverksnæringen i de områder av Finnmark som har et betydelig geologisk potensiale for utvikling av mineralnæringen. Dersom Sametinget gis en slik nektingsrett og denne retten skal omfatte de områder som er definert som områder for reinbeite, vil enorme arealer i Finnmark bli båndlagt.

Disse medlemmer er bekymret for en utvikling i Finnmark der sentrale myndigheter på en uheldig måte bidrar til å skape økte konflikter i den vanskelige prosessen med å avklare retten til land og vann i Finnmark ved å gi Sametinget stadig større bestemmelsesrett. Sametinget bør av disse grunner ikke gis myndighet til midlertidig å nekte landets myndigheter å fatte avgjørelser om utnyttelse av mineralressursene i Finnmark fylke. Dette er en utvikling som bidrar til økt

spenning i deler av Finnmark og som av den grunn ikke kan aksepteres. En tildeling av særrettigheter basert på etnisk tilhørighet må påstås å være i strid med de grunnleggende likhetsidealer som det norske samfunn er bygget på.

### 3.1.3 Rovviltforvaltninga

#### 3.1.3.1 Sammendrag

Det blir i rovviltforvaltninga lagt stor vekt på tiltak som er retta inn mot å dempe konflikter mellom rovvilt og samiske næringsinteresser. Ved tildeling av kvotar for felling av gaupe og jerv blir det spesielt lagt vekt på reindriftsområde.

For delar av Finnmark, Vesterålen, Lofoten og store øyar i Troms gjeld den målsetjinga at områda bør holdast frie for gaupe. Vidare blir det ikkje lagt til rettes for etablering av ulv i nokon av dei samiske reindriftsområda.

I meldinga vert det gjort greie for ei rekkje tiltak som er sett i verk på bakgrunn av utviklinga i tapssituasjonar for reindrift.

Tiltaka for å sikre reindrifta mot utolelege tap må sjåast på bakgrunn av dei folkerettslege pliktene landet har til å ta vare på det materielle grunnlaget for samisk kultur.

#### 3.1.3.2 Komiteens merknader

Komiteen har merket seg at det i rovviltforvaltningen legges vekt på å dempe konflikter mellom rovvilt og samiske interesser. Det blir ved fordeling av kvoter for felling av jerv og gaupe lagt spesielt vekt på reindriftsområder. Komiteen ser det som positivt at flere aktuelle departementer samarbeider for å utbedre de problemer som tapssituasjonen i reindriften har ført til i de sørsamiske områdene.

## 3.2 Næringspolitikk

### 3.2.1 Reindrift

#### 3.2.1.1 Sammendrag

##### Reindriftsavtala

Staten ved Landbruksdepartementet og Norske reindriftssamers landsforbund (NRL) vart 26. februar 1999 samde om ei ny reindriftsavtale for driftsåret 1999-2000. St.prp. nr. 54 (1998-1999) Om reindriftsavtala 1999-2000 vart levert Stortinget 9. april 1999. Avtala har ei økonomisk ramme på 80 mill. kroner. Det er ein auke på 5 mill. kroner i forhold til inneverande avtale. Produksjonstilskottet til driftseiningane har auka frå 45 000 kroner til 50 000 kroner. I tillegg er det sett av 4,5 mill. kroner til finansiering av kostnader med tiltak som kjem av radioaktiv forureining.

Det er semje mellom partane om at det no skal setjast inn nye og meir forpliktande verkemiddel for å få til ein meir optimal bruk av beita i dei distrikta i Finnmark der misforholdet mellom reintal og beiteressursar er størst.

Regjeringa ser det som eit stort framsteg at avtalepartane har funne fram til ei felles plattform for det

vidare samarbeidet mellom reindrifststyret og næringsorganisasjonen for reindrifta. Med dette grunnlaget kan ein ta sikte på å løyse dei problema med miljøet, dyrevernet og drifta som delar av reindrifta i Finnmark står midt oppe i.

Situasjonen etter Aursundendommen og oppnemning av eit reindrifstlovutval

Etter at det kom inn søknad frå Riast/Hylling reinbeitedistrikt om ekspropriasjon av beiterett for rein i området nord for Aursunden, nemnde Landbruksdepartementet 4. november 1998 opp eit utval på tre medlemmer som på vegne av staten skal prøve å forhandle fram ei langvarig beiteavtale på "akseptable vilkår både for grunneigarar, staten og reineigarar". Tidsperspektivet for arbeidet i utvalet er førebels sett til årsskiftet 1999-2000.

Den 5. november 1998 nemnde Landbruksdepartementet opp eit utval på 11 medlemmer som skal gå gjennom reindrifstlova av 9. juni 1978 med sikte på å endre dei reglane som gjeld

- styringa og forvaltninga av reindrifta, og
- dei interne forholda i reindrifta, også rettsstillinga til den enkelte reineigaren.

Innstillinga frå utvalet reknar ein med skal liggje føre seinast ved utgangen av år 2000.

#### Kvinneretta tiltak i reindrifta

Få samiske kvinner er formelt etablerte i primærnæringane, og det kan sjå ut som om kvinner er til overs i dei tradisjonelle samiske næringane, med unntak av samisk husflid, duodji. Det er etablert ei særskild stilling som kvinnekonsulent ved reindrifstforvaltninga i Alta. Konsulenten skal arbeide særskilt med kvinne- og familieretta tiltak i reindrifta.

#### 3.2.1.2 Komiteens merknader

Komiteen viser til at reindrifstavtalen har en økonomisk ramme på 80 mill. kroner og at dette er en økning på 5 mill. kroner i forhold til inneværende avtale.

Komiteen viser til at misforholdet mellom antall rein og tilgangen på beiteressurser har ført til problemer for reindrifta i Finnmark. Komiteen mener at dette er et alvorlig problem som må løses i et samarbeid mellom myndighetene og reindrifstnæringen. Komiteen ser det som nødvendig at partene er enig om bruk av forpliktende virkemidler for å tilpasse antall rein til beiteressursene.

Komiteen har merket seg at det er nedsatt et utvalg som skal gå gjennom reindrifstloven med sikte på å endre reglene som gjelder styring og forvaltning av reindriften og de interne forholdene i reindrifta.

Komiteen har videre merket seg at det er opprettet en stilling som kvinnekonsulent ved reindrifstforvaltningen i Alta. Dette skal bidra til kvinne- og familierettede tiltak innen reindriften.

### 3.2.2 Samiske kyst- og fjordområde

#### 3.2.2.1 Sammendrag

I meldinga vises det til at innstillinga frå Samisk fiskeriutval gir eit verdifullt tillegg til utviklinga av fiskeripolitikken for dei samiske interessene. I utviklinga av fiskeria i samiske busetjingsområde er det viktig å ha eit langsiktig perspektiv med ein dialog mellom samiske organ, fiskerierorganisasjonane og Fiskeridepartementet. For å få til ei heilskapleg ressursforvaltning må overordna nasjonal forvaltning av fiskeressursane leggjast til grunn. Fiskeridepartementet skal vidareføre samarbeidet med samiske interesser m.a. i Reguleringsrådet.

I Nord-Troms og Finnmark er det etablert reguleringsordningar i torskefisket m.a. av omsyn til fiskerierinteressene i kyst- og fjordområda med samiske folk. Fiskeristyresmaktene ser det som forsvarleg å leggje betre til rettes for dei som vil drive fiske i kombinasjon med anna verksemd.

For å halde ved lag grunnlaget for å drive fiske i fjordområda er det nødvendig å sikre at fiskarane kan få levert fangstane sine. Fiskeridepartementet har gitt tilskot til reising av stønadsfond for mottaksstasjonar i Troms og Finnmark. Departementet støttar fiskarane som driv kyst- og fjordfiske med midlar til føring av fisk frå mottaksstasjonar til større foredlingsanlegg.

#### 3.2.2.2 Komiteens merknader

Komiteen vil understreke viktigheten av å ha et langsiktig perspektiv i utviklingen av fiskerieriene i de samiske områdene, dette forutsetter god dialog mellom de berørte parter. Komiteen vil videre legge vekt på at fiskerieressursene skal disponeres ut fra en helhetlig nasjonal forvaltning.

### 3.2.3 Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark

#### 3.2.3.1 Sammendrag

I 1993 vart det sett i gang eit femårig omstillingsprogram for Indre Finnmark. Bakgrunnen for programmet var at omlegginga av reindrifta førte til eit aukande behov for å skape alternative arbeidsplassar. Omstillingsprogrammet gjaldt kommunane Kautokeino, Karasjok, Porsanger og Tana, og vart avslutta i si opphavlege form ved årsskiftet 1998-1999.

Som nemnt i årsmeldinga frå Sametinget vedtok Stortinget i behandlinga av statsbudsjettet for 1999 å føre vidare omstillingsarbeidet i Indre Finnmark. Det er sett av 27 mill. kroner i 1999 på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet til dette arbeidet. Midlane skal kunne nyttast både til ekstraordinær bedriftsstønad/etablerarstønad frå SND/fylkeskommunane, kommunale næringsfond, tilretteleggjande tiltak for næringsutvikling, og dessutan mellombelse stillin-

gar til gjennomføring og oppfølging av omstillingsarbeidet.

Det vart lagt vekt på at det i ein overgangsperiode framleis er bruk for å drive eit ekstraordinært omstillingsarbeid før det kan overførast til det ordinære verkemedelapparatet. Mellom anna er ein stor del av omstillarane frå reindrifta ikkje ferdige med omstillingsperioden sin før ved utgangen av 2000. Omstillingsarbeidet blir ført vidare i ein overgangsperiode i åra 1999 og 2000.

### 3.2.3.2 Komiteens merknader

Komiteen merker seg at omstillingsprogrammet blir videreført i en overgangsperiode i årene 1999 og 2000. Blant annet er det begrunnet i at en stor del av omstillerne fra reindriften ikke er ferdig med omstillingsperioden før i utgangen av 2000.

## 3.3 Utdanning

### 3.3.1 Det sørsamiske utdanningsområdet

#### 3.3.1.1 Sammendrag

I St.prp. nr. 1 (1998-1999) vert peikt ut tre utviklingsområde for sørsamisk utdanning, nemleg IT, ambulerande lærar og språkblad, som delar av eit heilskapleg fjernundervisningsopplegg.

Opplæringslova, som blir sett i verk den 1. august 1999, gir alle samiske elevar individuell rett til opplæring i samisk språk både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring i heile landet. Det kan aktualisere behovet for lett tilgjengeleg fjernundervisning i samisk språk. På bakgrunn av denne tendensen blir utviklings tiltaka i sørsamisk utdanning også sett i eit landsomfattande perspektiv.

#### 3.3.1.2 Komiteens merknader

Komiteen har merket seg at utviklingsområdene IT, ambulerende lærer og språkblad er utpekt som del av et helhetlig fjernundervisningsopplegg for sørsamisk utdanning.

### 3.3.2 Overføring av sekretariatet for Samisk utdanningsråd til Sametinget

#### 3.3.2.1 Sammendrag

Ved behandlinga av Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) Om lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa slutta Stortinget seg til at Samisk utdanningsråd og det tilhøyrande sekretariatet ikkje lenger skal vere det særlege sakkunnige organet for departementet i spørsmål om samisk opplæring. Ressursane og den kompetansen dette organet representerer skal overførast til Sametinget. Sametinget får nye oppgåver når det gjeld å arbeide ut og fastsetje læreplanar (jf. Innst. O. nr. 70 (1997-1998)). Det blir teke sikte på ei overføring av oppgåvene og sekretariatet frå 1. januar 2000.

#### 3.3.2.2 Komiteens merknader

Komiteen har merket seg at Sametinget får nye oppgaver når det gjelder å utarbeide og fastsette lære-

planer i forbindelse med overføringen av Samisk utdanningsråds sekretariat til Sametinget.

### 3.3.3 Det samiske læreplanverket

#### 3.3.3.1 Sammendrag

Som ein del av innføringa av det samiske læreplanverket i forvaltningsområdet for samisk språk, har departementa i samarbeid med Samisk utdanningsråd gjort ferdig rettleiingsmateriell for kommunar og skular. Rettleiingane tek mellom anna for seg korleis språkopplæringa etter det samiske læreplanverket skal organiserast.

I innføringsperioden for L97 Samisk er det lagt eit godt grunnlag for lokal vidareføring og vidareutvikling av det skulebaserte forsøks- og utviklingsarbeidet. Det er også lagt til rette for eit meir aktivt samarbeid i nettverk for enkeltfag i det samiske læreplanverket mellom høgskular og universitet.

#### 3.3.3.2 Komiteens merknader

Komiteen har merket seg at det i innføringsperioden for L97 Samisk er lagt til rette for vidareføring og vidareutvikling av skulebasert forsøks- og utviklingsarbeid.

### 3.3.4 Opplæringslova

#### 3.3.4.1 Sammendrag

Stortinget vedtok ny opplæringslov 9. juni 1998. Kapittel 6 i lova handlar om samisk opplæring. Den individuelle retten til opplæring i og på samisk for elevar i samiske distrikt blir ført vidare. Det same gjeld den retten som kommunane i samiske distrikt har til å vedta at samisk skal vere eit pliktig fag i skulen. Departementet har heimel til å gi forskrifter om fritak frå opplæring i norsk sidemål for elevar som får særskild språkopplæring. Høyringsutkastet til forskrifter tilrår ein slik regel for samisk i grunnskulen og vidaregåande opplæring.

Utanfor samiske distrikt gir opplæringslova samiske elevar individuell rett til å få opplæring i samisk både i grunnskulen og den vidaregåande skulen.

M.a. på bakgrunn av den individuelle retten har departementet i høyringsutkastet sitt til forskrifter med heimel i opplæringslova, tilrådd ei forskrift om alternative former for opplæring i samisk og finsk når opplæringa ikkje kan givast av lærarane ved skulen. Fjernundervisning, intensiv undervisning og spesielle leirskuleopphald er nemnde som døme.

Utanfor samiske distrikt, men uavhengig av samisk bakgrunn, har ei gruppe på minst 10 elevar som vil ha opplæring i og på samisk, rett til å få det, så lenge det er att minst seks elevar i gruppa.

#### 3.3.4.2 Komiteens merknader

Komiteen fester seg ved at det arbeides med forskrift om alternative former for opplæring i samisk og finsk når opplæringen ikke kan gis av lærere ved skolen.

### 3.4 Barn og unge

#### 3.4.1 Sammen drag

Som ei vidareføring av samisk barne- og ungdomsplan har Sametinget sett i gang eit barne- og ungdomsprosjekt. Barne- og familiedepartementet støttar dette prosjektet økonomisk. Departementet hjelper også til med å følgje opp aktuelle tiltak som blir tilrådde i prosjektet.

#### 3.4.2 Komiteens merknader

Komiteen merker seg at Sametinget har satt i gang eit barne- og ungdomsprosjekt som en vidareføring av samisk barne- og ungdomsplan. Komiteen synes det er viktig og positivt at de tiltak som blir anbefalt følges opp av Barne- og familiedepartementet.

#### 3.4.3 Samiske barnehagar

##### 3.4.3.1 Sammen drag

Det blir gitt eit særskilt tilskot til samiske barnehagar. Tilskotet kjem i tillegg til det ordinære statstilskotet og skal dekkje dei ekstraavgiftene som eit samisk barnehagetilbod fører med seg. Målet med tilskotsordninga er å sikre at samiske barn i barnehagane får utvikle og styrkje kulturgrunnlaget og det samiske språket sitt. Statistikken for 1997 viser at 44 barnehagar i 13 kommunar tok imot eit slikt tilskot. Departementet sette hausten 1997 i verk ei evaluering av dette tilskotet. Undersøkinga blir ferdig våren 1999.

Samisk utdanningsråd er frå 1994 styrkt med ein særskild fagkonsulent på barnehageområdet. Ein går ut frå at etter overføringa av sekretariatet for Samisk utdanningsråd skal Sametinget fungere som eit rådgjevande organ i samiske barnehagespørsmål.

Rammeplanen for barnehagar har ein eigen del som gjeld samiske barnehagar.

##### 3.4.3.2 Komiteens merknader

Komiteen vil spesielt rette oppmerksomheten mot det samiske førskoletilbudet utenfor forvaltningsområdet for samelovens språkregler. Få kommuner ser det som sitt ansvar å drive samiske barnehager. Samtidig finnes det nesten ikke private tilbud som kan dekke opp mangelen på kommunale tilbud.

Forvaltningen av det særskilte tilskuddet til samiske barnehager er planlagt overført til Sametinget. Det er oppnevnt en arbeidsgruppe som skal legge til rette for de praktiske sidene ved overføringa, med medlemmer fra bl.a. Sametinget og Samisk utdanningsråd.

Arbeidsgruppen bør drøfte størrelsen på tilskuddsordningen til samiske barnehager utenfor forvaltningsområdet for samelovens språkregler.

#### 3.4.4 Barnevern

##### 3.4.4.1 Sammen drag

Barne- og familiedepartementet ga i 1998 midlar til Høgskulen i Sør-Trøndelag til utvikling og utprøving av metoden "familierådslag" i barnevernet. Metoden tek utgangspunkt i eit utvida familieomgrep og i at

familien lagar sine egne løysingsstrategiar for aktuelle problem. Metoden blir også prøvt ut i samarbeid med fem samiske familiar.

Barne- og familiedepartementet omsette i 1998 lov om barnevernstenester til samisk. Lova er m.a. sendt ut til alle kommunar i dei fem nordlegaste fylka.

Barne- og familiedepartementet starta i 1998 arbeidet med å omsetje temahefte til foreldra frå foreldrerettileiingsprogrammet til samisk. Når det gjeld forsøks- og utviklingsarbeid i barnevernet elles, kanaliserte Barne- og familiedepartementet tilskota sine til utviklingssenteret for Barnevernet i Nord-Noreg som driftstilskot.

##### 3.4.4.2 Komiteens merknader

Komiteen merker seg at lov om barneverntjenester er oversatt til samisk og sendt til alle kommuner i de fem nordligste fylkene. Det er videre positivt at det arbeides med en oversettelse av temahefter fra forelderrettledningsprogrammet.

## 3.5 Språk

### 3.5.1 Sammen drag

Aktiv bruk av samisk språk står sentralt i den vidare utviklinga av samisk kultur. Det er derfor svært viktig å følgje opp intensjonane og rettane i samelova om meir bruk av samisk språk i dei seks kommunane som tilhøyrrer forvaltningsområdet for samisk språk.

Sametinget ved Samisk språkråd har ansvaret for å dele ut statlege midlar til samisk tolketeneste og tospråksbruk i desse kommunane. Samisk språkråd arbeider ut ein årleg rapport til Sametinget om situasjonen for samisk språk i Noreg.

Språkreglane i samelova høyrer med til ansvarsområdet for Kulturdepartementet. Undersøkingar som Samisk språkråd har gjennomført, viser at dei krava som språkreglane i samelova stiller, ikkje i tilstrekkelig grad blir følgde opp i praksis. Kulturdepartementet er kjend med denne situasjonen, og vurderer derfor tiltak som kan medverke til at intensjonane med språkreglane blir følgde.

Kommunal- og regionaldepartementet har gitt Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) Alta, i oppdrag å gjennomføre ei undersøking om korleis publikum ser på den tospråklege servicen i etatar med nær publikumskontakt. Det er sett ned ei referansegruppe med medlemmer frå Sametinget, Samisk språkråd, fylkesmannen i Finnmark og Kommunal- og regionaldepartementet i tillegg til tre personleg oppnemnde medlemmer. Arbeidet skal gjerast ferdig i 1999, og resultatet bør vere ein god indikator på kvar ressursane bør setjast inn for å betre situasjonen når det gjeld tospråkleg forvaltning.

### 3.5.2 Komiteens merknader

Komiteen har merket seg at Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) i Alta er gitt i oppdrag å undersøke hvordan den tospråklige servicen i etatar med nær publikumskontakt fungerer. Komiteen ser

dette som et viktig ledd i å målrette innsatsen for å bedre den tospråklige forvaltningen.

### **3.6 Informasjon på samisk**

#### *3.6.1 Sammenndrag*

Kvart departement og kvar etat har eit sjølvstendig ansvar for å forme ut informasjon om eigne saksområde, også på samisk der informasjonen har ei samisk målgruppe. Slik informasjon har også eit sentralt språkleg aspekt, nemleg terminologiutvikling. På somme fagfelt finst det enno ikkje gode samiske termar, og det er derfor viktig at Samisk språkråd blir konsultert i arbeidet med å omsetje brosjyrar, skjema, rundskriv og vedtak. Samisk språkråd har ansvaret for å utvikle og verne samisk språk i Noreg.

Kommunal- og regionaldepartementet vil ta initiativ til at statlege etatar går gjennom eigne rutinar når det gjeld å bruke samisk i forvaltninga.

#### *3.6.2 Komiteens merknader*

Komiteen ser det som positivt at Kommunal- og regionaldepartementet vil ta initiativ til at statlige etatar gjennomgår sine rutiner når det gjelder bruk av samisk i forvaltningen.

### **3.7 Kultur**

#### *3.7.1 Arbeidet med stortingsmelding om museum, bibliotek og arkiv*

##### *3.7.1.1 Sammenndrag*

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om arkiv, bibliotek og museum for Stortinget hausten 1999. I denne meldinga blir m.a. tiltak for samisk arkiv-, museums- og bibliotekssektor omtalte. I arbeidet med stortingsmeldinga har Kulturdepartementet hatt kontakt med representantar for Sametinget.

##### *3.7.1.2 Komiteens merknader*

Komiteen merker seg at denne stortingsmeldinga vil legges fram høsten 1999 og også inneholde tiltak for samisk arkiv-, museums- og bibliotekssektor.

#### *3.7.2 Kontaktutvalet for samiske kulturspørsmål*

##### *3.7.2.1 Sammenndrag*

Kontaktutvalet for samiske kulturspørsmål er et kontaktorgan mellom Samisk kulturråd, dei sentrale styresmaktene og Norsk kulturråd. Målet er m.a. å samarbeide om langsiktige prioriteringar i den samiske kulturpolitikken og følgje opp konkrete saker. Resultatet av arbeidet i utvalet kan vanskeleg kvantifiserast, men det gir informasjon og skaper eit grunnlag for betre oppfølging av enkeltsaker.

##### *3.7.2.2 Komiteens merknader*

Komiteen ser på kontaktutvalget for samiske kulturspørsmål som et viktig organ for å utvikle et godt samarbeid om langsiktige prioriteringar i den samiske kulturpolitikken.

#### *3.7.3 Samisk tusenårsstad*

##### *3.7.3.1 Sammenndrag*

Sametinget har tilrådd austsamisk museumsanlegg/kultursenter i Neiden som samisk tusenårsstad. Kulturdepartementet vil ta kontakt med aktuelle samarbeidspartar for m.a. å klarleggje omfanget på tusenårsstaden. Kulturdepartementet tek sikte på å kome attende til saka i budsjettproposisjonen for år 2000.

##### *3.7.3.2 Komiteens merknader*

Komiteen merker seg at østsamisk museumsanlegg/kultursenter i Neiden er anbefalt som samisk tusenårssted.

### **3.8 Samiske helse- og sosialspørsmål**

#### *3.8.1 Sammenndrag*

Sosial- og helsedepartementet løyvde i 1998 om lag 4 mill. kroner til ulike prosjekt i samband med oppfølginga av NOU 1995:6 Plan for helse- og sosialtenester for det samiske folket i Noreg. Ein stor del av midlane gjekk til utvikling og gjennomføring av opplæringstiltak for helse- og sosialpersonell i samisk språk og kulturforståing.

Sosial- og helsedepartementet arrangerte i samarbeid med Sametinget våren 1998 ein stor konferanse om samiske perspektiv på høgare utdanning i helse- og sosialsektoren. Det er arbeidd ut ein rapport frå konferansen. Den desentraliserte samiskspråklege sjukepleiarklassa ved høgskulen i Finnmark som er lokalisert til Kautokeino, vart utvida til 15 plassar ved starten på skuleåret 1998-1999. Det første avgangskullet vart uteksaminert våren 1998. Erfaringane frå dette tiltaket er svært positive.

Sosial- og helsedepartementet har i samarbeid med Barne- og familiedepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Sametinget starta arbeidet med ein plan slik at Regjeringa kan følgje opp NOU 1995:6. Planen blir levert før utgangen av 1999.

For 1999 er 4,4 mill. kroner overførte til Sametinget som no har overteke forvaltninga av tilskotsordninga i samband med NOU 1995:6. Sametinget har fastsett retningslinene. Parallelt med arbeidet med ein handlingsplan vil Sosial- og helsedepartementet arbeide for betre å ta vare på nasjonale samordningsoppgåver for det samiske folket.

Andre sentrale oppgåver er å sikre god samhandling mellom forvaltningsnivåa innbyrdes og mellom desse og Sametinget, og utvikle rådgivingsarbeidet som tilsynsstyresmaktene skal gjere for kommunar og fylkeskommunar i eit samisk perspektiv.

Sosial- og helsedepartementet ser også at det er bruk for å gjere NOU 1995:6 og oppfølginga betre kjend i det sørsamiske området. Det gjeld både for det samiske folket sjølv og lokale helsestyresmakter.

### 3.8.2 *Komiteens merknader*

Komiteen merker seg at en stor del av midlene som gikk til oppfølging av NOU 1995:6 ble brukt til utvikling og gjennomføring av opplæringstiltak for helse- og sosialpersonell i samisk språk og kultur. Komiteen har videre festet seg ved at den desentraliserte samiskspråklige sykepleierklassen ved høgskolen i Finnmark som ligger i Kautokeino ble utvidet med 15 plasser for skoleåret 1998-99.

## 3.9 Likestilling

### 3.9.1 *Sammendrag*

Kommunal- og regionaldepartementet skal i 1999 oppgradere arbeidet med kvinner og likestilling på det samepolitiske feltet. Der det er forsvarleg, blir relevante spørsmål om likestilling og kjønnsroller tekne opp i Statssekretærutvalet for samiske spørsmål, Samordningsutvalet for samiske spørsmål og i Statssekretærutvalet for likestilling.

Dette arbeidet må ein sjå i samanheng med utkastet frå Sametinget til Handlingsplan for likestilling med satsingsområde og mål for 1998-2001 og korleis Sametinget følgjer opp planen.

### 3.9.2 *Komiteens merknader*

Komiteen ser det som positivt at arbeidet med kvinner og likestilling på det samepolitiske feltet oppgraderes.

## 3.10 Prostitusjon

### 3.10.1 *Sammendrag*

I årsmeldinga frå Sametinget (punkt 2.2.15.2) tilrår Sametinget at kjøp av seksuelle tenester blir gjorde straffskuldige.

Regjeringa ser alvorleg på prostitusjonsproblemet i Finnmark fylke, som særleg er lokalisert til Tana kommune. Regjeringa uttaler at sjølv om verken kjøp eller sal av seksuelle tenester er straffskuldige i dag, så kan bakmennene straffast. Også utleige av lokale til prostitusjonsverksemd er ei kriminell handling.

I slutten av april i år vart det halde eit møte mellom statssekretæraane i Justisdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Sosial- og helsedepartementet, fylkesordføraren i Finnmark, varaordføraren i Tana kommune og representantane for helsestyresmaktene i Finnmark og Tana. På møtet vart det drøft ei rekkje problemstillingar kring prostitusjonsverksemda i Tana. På bakgrunn av dette møtet blir det sett i gang tiltak for å betre situasjonen. M.a. blir det sett inn meir politi. Ein vurderer også å endre visumreglane.

Spørsmålet om ein bør kriminalisere kjøp av seksuelle tenester er drøft i utgreinga frå Seksuallovbrotutvalet NOU 1997:23 som er til vurdering i Justisdepartementet. Justisdepartementet tek sikte på å fremje ein proposisjon for Stortinget hausten 1999 på bakgrunn av utgreinga frå Seksuallovbrotutvalet.

### 3.10.2 *Komiteens merknader*

Komiteen merker seg det arbeidet som er gjort i forhold til å bekjempe prostitusjonsproblemet i Finn-

mark fylke. Komiteen støtter Regjeringens vurdering av prostitusjon som et alvorlig problem, og ber Regjeringen om å arbeide med å finne egnede virkemidler mot dette.

## 3.11 Samisk kulturminnevern

### 3.11.1 *Samisk kulturminneråd*

#### 3.11.1.1 *Sammendrag*

Prøveordninga for Samisk kulturminneråd er evaluert og gjort permanent frå 1. januar 1999 slik at ho går inn i det ordinære forvaltingsapparatet for den regionale kulturminneforvaltninga. I budsjettet for 1999 er det dessutan løyvd midlar til å etablere ei ny stilling i Samisk kulturminneråd for å starte opp eit fjerde distriktskontor i Nordland. Med dette tiltaket er organiseringa av Samisk kulturminneforvaltning fullført i tråd med forslaget frå Sametinget frå 1991. Når det gjeld vidareutvikling og framtidig ressurstilgang til Samisk kulturminneråd, må det vurderast i samband med den årlege budsjettbehandlinga.

Riksantikvaren har frå Samisk kulturminneråd teke imot forslag om kulturmiljøfreding av skoltebyen i Neiden. Forslaget blir behandla og skal prioriterast i 1999 for å bli gjort ferdig i samarbeid med Miljøverndepartementet.

#### 3.11.1.2 *Komiteens merknader*

Komiteen har merket seg at Samisk kulturminneråd er gjort permanent fra 1. januar 1999, og dermed er blitt en del av det ordinære forvaltningsapparatet for den regionale kulturminneforvaltningen.

### 3.11.2 *Lokal Agenda 21*

#### 3.11.2.1 *Sammendrag*

Det vart gjort ei samarbeidsavtale den 24. februar 1999 mellom Sametinget og Miljøverndepartementet om å etablere eit samisk knutepunkt for Lokal Agenda 21. Det er gitt lovnad om midlar på 600 000 kroner til å etablere og utvikle knutepunktet i 1999 i tråd med avtala. Intensjonen er at ordninga med samisk knutepunkt for Lokal Agenda 21 skal gjelde i tre år, dvs. ut 2001.

#### 3.11.2.2 *Komiteens merknader*

Komiteen merker seg at det er inngått samarbeidsavtale mellom Sametinget og Miljøverndepartementet om at det skal etableres et samisk knutepunkt for Lokal Agenda 21.

## 3.12 Det nordiske samarbeidet

### 3.12.1 *Sammendrag*

Dei nordiske samarbeidsministrane vedtok 5. mars 1999 å etablere eit fast, uformelt samarbeid mellom dei ansvarlege ministrane for dei tre landa for samiske spørsmål og dei tre sametinga. Det blir arbeidd med å etablere eit forum for samarbeid mellom dei tre nordiske sameministrane alt i 1999. To viktige saker som skal takast opp i det nye forumet er arbeidet med ein nordisk samekonvensjon, og spørsmål i samband med

Samisk parlamentarisk råd som dei tre nordiske same-tinga er i ferd med å etablere.

Utkast til avtale om samarbeid mellom sametinga gjennom Samisk parlamentarisk råd ligg ved meldinga (vedlegg 1). Avtala er godkjend av sametinga i Finland og Noreg, men vil først bli underteikna når alle de tre nordiske sametinga har godkjend avtala. Sametinget i Noreg har nemnt opp sine representantar i rådet. Samisk parlamentarisk råd skal medverke til samordning av den samepolitiske behandlinga av saker som gjeld samar i fleire statar eller samane som eitt folk. Rådet skal på same måten medverke til utviklinga av andre praktiske samarbeidsformer mellom sametinga. Rådet skal representere samane i Noreg, Sverige og Finland i nordiske og andre internasjonale samanhengar, og elles i andre samanhengar der ein finn det nødvendig.

### 3.12.2 Komiteens merknader

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, ser det som viktig at det er vedtatt å etablere et fast uformelt samarbeid mellom de ansvarlige ministrene i de tre nordiske landene for samiske spørsmål og de tre sametinga. Flertallet har videre merket seg at de tre nordiske Sametingene er i ferd med å etablere Samisk parlamentarisk råd.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er bekymret over at Sametinget hele tiden arbeider for å få økt selvstendighet, innflytelse og makt. De langsiktige konsekvensene av denne kontinuerlige prosessen for å utvide den samiske innflytelsen i nord-områdene bør vurderes nærmere. Hensynet til den samiske befolkning må ikke overordnes hensynet til resten av befolkningen i nord-områdene, da ulik behandling basert på etnisk tilhørighet i seg selv er grunnlag for konflikter. Det er derfor uheldig dersom et utvidet samisk samarbeid i nord-områdene bidrar til å øke spenningene i hele regionen.

## 3.13 Samane i utanrikspolitisk samanheng

### 3.13.1 Sammendrag

Urfolksspørsmål er ein sentral del av det norske internasjonale engasjementet for å fremje menneskerettane. Noreg har teke på seg ei rekkje plikter i sam-

band med internasjonale konvensjonar og andre instrument som Noreg har ratifisert. Pliktene etter ILO-konvensjonen nr. 169 står her sentralt.

Regjeringa er aktivt med i arbeidet med urfolksresolusjonen til FN, og har som mål å arbeide for ein resolusjon som kan medverke til eit styrkt rettsleg vern for urfolka i verda. I arbeidet med urfolksresolusjonen har Regjeringa eit nært samarbeid med Sametinget, og Sametinget har heile tida vore representert i den norske delegasjonen til forhandlingane i FN. Både her og i andre samanhengar er samarbeidet med Sametinget ein viktig føresetnad for å forme ut den internasjonale urfolkspolitikken.

Regjeringa støttar også arbeidet med å etablere eit permanent forum for urfolk i FN.

Frå norsk side følgjer ein også opp det internasjonale tiåret for urfolk 1995-2005 i regi av FN, der målet er å finne løysingar på problem som urfolk står framfor på område som menneskerettar, miljø, utvikling, utdanning og helse.

### 3.13.2 Komiteens merknader

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, merker seg at Regjeringen er aktiv i arbeidet med urfolksresolusjonen til FN, og vil i den sammenheng understreke at det er viktig å ha nært samarbeid med Sametinget.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til sine generelle merknader der det tas til orde for å nedlegge Sametinget som parlamentarisk organ. Dette syn har sin bakgrunn i at det må anses som uheldig at dette parlamentariske organ hovedsakelig arbeider for rettighetene til en bestemt etnisk folkegruppe i Norge.

## 4. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

St.meld. nr. 48 (1998-1999) – Om Sametingets virksomhet 1998 – vedlegges protokollen.

Oslo, i kommunalkomiteen, den 18. november 1999

**Sylvia Brustad**  
leder

**Ivar Østberg**  
ordfører

**Erna Solberg**  
sekretær

Vedlegg**Brev fra Kommunal- og regionaldepartementet v/statsråden til Stortinget, datert 25. juni 1999****Vedrørende St meld nr 48 (1998-99)  
Om Sametingets virksomhet**

Den årlige stortingsmeldingen om Sametingets virksomhet, St meld nr 48 Om Sametingets virksomhet, ble behandlet i Statsråd i dag og oversendes Stortinget. Jeg vil, samtidig med oversendelsen til Stortinget, gjøre

oppmerksom på en trykkfeil i meldingen. I meldingens kapittel 3, s 24 står det at Sametinget vil bli overført ansvaret for forvaltningen av tilskuddet til samiske barnehager fra 01.01.2000. Den riktige datoen er imidlertid 01.01.2001. Jeg beklager denne trykkfeilen.